

Notat campingplassar i Voss kommune

23. mars 2012

Retningslinjer for utarbeiding av reguleringsplanar for campingplassar i Voss kommune

Eksisterande campingplassar som i dag er uregulert	Utviding eller etablering av nye campingplassar
Alle campingplassar i Voss kommune skal ha godkjent reguleringsplan. Desse retningslinjene gjeld for regulering av etablerte campingplassar avsett i kommuneplanen .	Alle campingplassar i Voss kommune skal ha godkjent reguleringsplan. Desse retningslinjene gjeld for utviding eller etablering av nye campingplassar .
Generelt <ol style="list-style-type: none">1. Campingplassar for campingvogner med faste tilbygg med tre veggjar, tak og dør som er synleg frå hovudvegjar skal skjermast med tett vegetasjon , hekkplanting eller anna skjerming som gjer området taltalande.2. Campingplassar er ikkje tillate nærare enn 100meter frå attraksjonar som fossar, kulturminne eller naturområde med regional eller nasjonal verdi.3. Campingplassar skal ikkje plasserast nærare vatn eller vassdrag enn 20 m med mindre terrenget tilseier noko anna4. Strandsone framfor campingplassar skal vera tilgjengeleg for ålmenta og det skal leggjast til rette for felles samlingsplass , grillplass og leikeplassar for gjestene.5. Det skal vera minst 20 mål bakgrunnsareal pr hytte og oppstillingsplass for campingvogner.6. Campingplassar som skal vera opne på vinterstid må setja av tilstrekkeleg areal til snølagring.7. Alle campingplassar skal ha universell utforming.8. "Mobile homes" er i praksis permanente hus som ikkje kan transporterast bort, og er ikkje tillate i Voss kommune	Lokalisering <ol style="list-style-type: none">1. Campingplassar er ikkje tillete nærare enn 100meter frå attraksjonar som fossar, kulturminne eller naturområde med regional eller nasjonal verdi.2. <i>Campingplassar for langtidsparkering av campingvogner</i> med faste installasjonar, hytter, kolonihagar og liknande med leigeavtalar på meir enn 1 mnd eller leige på åremål:<ul style="list-style-type: none">*Tilbaketrekt frå hovudveg* Helst i skogsområde, eller område som kan skjermast med tett vegetasjon*Område som ikkje er til sjenanse eller hinder for allmenn ferdsel.3. <i>Campingplassar for korttidsparkering av campingvogner</i> som er retta mot turistar på gjennomreise og legg til rette for kortare opphald (maks 1 mnd) i telt , bubilar, campinghytter og campingvogner med fortelt som lett kan demonterast, kan lokaliserast<ul style="list-style-type: none">*Nær hovudvegjar*I kulturlandskapet om tiltaket er reversibelt i høve til tilbakeføring til landbruk

	<ol style="list-style-type: none">4. Campingplassar skal ikkje lokaliserast nærare vatn eller vassdrag enn 20 m med mindre terrenget tilseier noko anna5. Strandsone framfor campingplassar skal vera tilgjengeleg for ålmenta og det skal leggjast til rette for felles samlingsplass, grillplass og leikeplassar for gjestene.6. Ein skal unngå lokalisering av campingplassar i bratt terreng. Utforming av plassen skal så langt som mogeleg fylgja naturlege terrengformasjonar. I dei høve der det er naudsynt med skjering eller fylling skal desse plantast eller såast til. Det skal føreliggja plan for planting av plassen som skjermar mot bustadområde og offentlege vegar. Planting og såing av plassen skal vera gjennomført før plassen vert tatt i bruk. Plattingar som ligg meir enn 0,5 m over terreng er ikkje er tillate.7. Det skal vera minst 20 mål bakgrunnsareal pr hytte og oppstillingsplass for campingvogner8. Campingplassar som skal vera opne på vinterstid må setja av tilstrekkeleg areal til snølagring.9. “Mobile homes” er i praksis permanente hus som ikkje kan transporterast bort, og er ikkje tillate i Voss kommune10. Alle campingplassar skal ha universell utforming
--	---

Krav til plankartet

1. Plankartet skal visa plassering av campingvogner, faste konstruksjonar, bygningar, tilkomst/rømningsvegar, parkeringsplassar, handsaming av overvatn og felles opphaldsplassar for gjestene og leikeplassar.
2. Det skal gå fram av plankartet kvar ein kan plassera telt , bubilar campingvogner for korttidsopphald, campingplassar for langtidsopphald og campinghytter/ utleiehytter.
3. Planen skal visa tilkomstvegar og parkering

4. Parsell for campingvogn skal som hovudregel vera 2,5*9 m. Det kan i eigne område leggjast til rette for lengre campingvogner

Krav til føresegnene

1. Planen skal ha føresegner om terrassar, terrenggolv, leveggar, bruk av vegetasjon, vatn og avlaup, parkering og estetikk.
2. Det skal tydeleg gå fram av føresegnene kva brannkrav som gjeld
3. Det skal gå fram av føresegnene kva tiltak som krev byggesøknad.
4. Det skal stillast krav om lik utforming, materialbruk og fargebruk (fargepalett) på tilbygg

Tiltak som ikkje er søknadspliktig og ikkje krev løyve, men som må vera i samsvar med gjeldande planar, lover og forskrifter

Mobile konstruksjonar

- Telt
- Campingvogn med eigne hjul (påmontert) og registrert for køyring på norske vegar, maks lengde 9 m
- Tre-terrasse som kan fjernast innan to timar på inn til 15 m²
- “Le-veggar” i tre og andre konstruksjonar som kan fjernast innan to timar, f.eks lemkonstruksjonar som er som er bygd i seksjonar. Maks høgde på le-veggar skal vera 1,8 m.

Campingplassseigar er ansvarleg for at mobile tiltak er i samsvar med gjeldande planar, lover og forskrifter.

Tiltak som er søknadspliktig og som krev løyve

Faste konstruksjonar (fastcamping)


- Campingvogner som er avskilta eller har fått fast forankring til bakken (fundament, avlaupsleidning)
- “Mobile homes” (Ikkje tillate i Voss kommune)
- Campinghytter/ utleiehytter (sjølv om dei kan flyttast med traktor innafør området)
- Terrassar, fortelt og ISOCAMP som er av permanent karakter (“spikartelt”) og/eller ikkje kan fjernast på to timar
- Terrenginngrep på meir enn 0,5 +-
- Boder

Ved søknad om tiltak skal det liggja føre fråsegn frå eigar av tilgrensande campingvogneigar, alternativt frå styret for campingplassen.

Campingplassseigar er ansvarleg for at det ligg føre godkjent byggeløyve der det er søknadsplikt. Søknad kan sendast samla for heile området av ansvarleg søkjar.

Enkeltøknadar krev ikkje ansvarleg søkjar, men søknad skal gå via campingplassseigar.

Skisse av campingvognparsellar for Myrkdalen Camping.



Innanfor kvar sone på 6x7m= 42 m² kan det vera bebygd areal (Campingvogn og spikartelt til saman) på 37.5 m²
Mellom 2vognar +2 spikartelt til neste par vognar/spikartelt skal det vera 8 m.



Sivilarkitektar-Mwal-Npa
Skulegata 11 A
5700 Voss

E-post: anda.hirth@arkitektans.no
Tlf: 56529580 - Fax: 56529581

Forslag til føresegner til campingplassar som heilt eller delvis er lagt til rette for langtidscamping.

Parsellar for langtidscamping der leigeavtaler er på meir enn 1 mnd. eller åremål er tillate

Campingplassar skal delast inn i felt på maksimalt 1000 m². Mellom felta skal det vera ein avstand på min 6m. Føremålet er å hindra brannspreiing og sikra tilgjenge for brannbilar.

På planen skal det visast parsellar for plassering av campingvogner på maks 2,5 *7 m, spikartelt og plattingar. Spikartelt skal ha brannklasse EI30. 2 og 2 campingvogner med tilhøyrande spikartelt vert rekna som ei branncellegruppe. Det skal vera min 4 m mellom campingvognene med spikartelt (3 m om ein kan dokumentera at dette er godkjent tidlegare) Samla bruksareal for ei branncellegruppa skal ikkje overstiga 75 m². Det skal det vera min 8m mellom branncellegruppene. Brannveggar i brannklasse EI60 er ikkje tillate og kan ikkje erstatta avstandskravet. Eigne plassar for lengre vogner enn 7 m kan avsetjast i planen, men branncellegrense på 75m² gjeld også her.

Langs langsida av spikarteltet kan byggjast platting/terrasse oppå terreng på maks 4 x6 m. Brennare plattingar av tre som har ei høgd på meir enn 0.5 m over terreng inngår i BRA.

Andre løysingar som er i samsvar med retningslinene i TV 003,. Temaveiledning frå Norsk brannvernforeining kan tillastast.

Parkering

Parkering skal skje i fellesanlegg.

“Spikartelt”

“Spikartelt” skal vera maks 10 cm høgare enn campingvogna.

“Spikartelt” skal ha lik utforming og fargebruk innafor godkjent fargepalett, innafor same camping plass. Mindre variasjonar mellom grupper på min. 4 einingar kan tillatast.

Spikartelta skal vera typegodkjent av kommunen. Før oppføring av spikartelt skal teikningar godkjennast av campingplasseigar og campingplastyret.

Når campingvogna er fjerna frå plassen, skal forteltet demonterast og lagrast. Når campingvogna vert fjerna ei helg eller trevekers ferie kan forteltet stå.

Terrasse

Terrassar på inn til 24 m² kan byggjast framfor langsida av “spikarteltet “ inn til 0.5 m over terreng på høgste punkt. Det er tillate å setja opp levegg på opp til 1,5 m rundt platingane

Brannkrav

- Plassering og utforming av campingvogner, med terrassar og “spikartelt” skal vera i samsvar med retningslinene i TV 003. Temaveiledning frå Norsk brannvernforening.
- Campingplassar skal ha godkjent brannsløkkingsutstyr (pulverapparat min 6 kg), og evakueringsplan.
- Maks avstand til sløkkevatn er 75 m.
- Det er krav om røykvarslar både i campingvogn og spikartelt.
- Alle campingplassar skal ha informasjonstavler som viser plassering av sløkkeutstyr, brannhydrantar og rømmingsvegar.
- Tilrettelagte plassar for grilling skal ha sløkkeutstyr.
- Brannvesenet skal minst kvart 4. år føra tilsyn med campingplassane.

VA-anlegg

Sanitæranlegg og kiosk skal koplast til godkjent vatn og avlaupsanlegg. Vassanlegg skal vera dimensjonert for brannsløkking.

Utleiehytter og campingvogner for langtidsleige skal koplast til godkjent avlaupsanlegg dersom det er innlagt vatn i hyttene/vognene.

El-anlegg

Innafor campingplassar skal all straumforsyning og telekommunikasjon leggjast i grunnen.

Utleiehytter og servicebygg

Andre bygg på campingplassen som campinghytter og servicebygg skal ha ei god visuell utforming og ei heilskapleg utforming som styrker staden sin identitet.

Avfallsbod

Alle campingplassar skal ha miljøstasjon for plassering av boss-containerar og plass for kjeldesortering

Forslag til føresegner i campingvognområde for korttids-camping.

Parsellar for campingplassar for korttids-camping (opphald maks 1 mnd)

Campingplassar skal delast inn i felt på maksimalt 1000 m². Mellom felta skal det vera ein avstand på min 6m . Føremålet er å hindra brannspreiing og sikra tilgjenge for brannbilar.

Plankartet skal visa parsellar for plassering av campingvogn på hjul på 2,5x7 m= 17, 5 m² . Det kan avsetjast eigne plassar for lengre campingvogner. Innafor eit areal på maks 6,5x3 m framfor langsida av campingvogna kan det avsetjast plass for fortelt.

Terrassar er ikkje tillate.

Mellom parsell for campingvogner inkl parkeringsplass, skal det vera min 4 m (3 m om ein kan dokumentera at dette er godkjent tidlegare) Andre løysingar som er i samsvar med retningslinene i TV 003. Temaveiledning frå Norsk brannvernforeining kan godkjennast.

Utleiehytter og servicebygg

Andre bygg på campingplassen som campinghytter og servicebygg skal ha ei god visuell utforming og ei heilskapleg utforming som styrker staden sin identitet.

Parkering

Parkering skal skje ved sida av campingvogna

Brannkrav

- Plassering av campingvogner skal vera er i samsvar med retningslinene i TV 003. Temaveiledning frå Norsk brannvernforeining.
- Campingplassar skal ha godkjent brannsløkkingsutstyr (pulverapparat min 6 kg), og evakueringsplan.
- Maks avstand til sløkkevatn er 75 m.
- Det er krav om røykvarslar både i campingvogner og spikartelt
- Alle campingplassar skal ha informasjonstavler som viser plassering av sløkkeutstyr, brannhydrantar/ vannpostar og rømmingsveggar.

- Campingvogner skal stå på hjul og lett kunna trekkjast ut i tilfelle brann. Tre og busker som kan hindra evakuering eller medføra rask spreiding av brann er ikkje tillate.
- Tilrettelagte plassar for grilling skal ha sløkkeutstyr.
- Brannvesenet skal minst kvart 4. år føra tilsyn med campingplassane.

VA-anlegg

Utleiehytter, sanitæranlegg og kiosk skal koplast til godkjent vatn og avlaupsanlegg. Vassanlegg skal vera dimensjonert for brannsløkking.

El-anlegg

Innafor campingplassar skal all straumforsyning og telekommunikasjon leggjast i grunnen.

Avfallsbod

Alle campingplassar skal ha miljøstasjon for plassering av buss-containerar og plass for kjeldesortering

Ulovlege tiltak

Campingplassar er ansvarleg for at campingplassen oppfyller krava i plan og bygningslova. Ulovlege tiltak som ikkje vert retta skal meldast til bygningsmyndigheitene. Manglar og ulovlege tiltak ved tilsyn, kan medføra pålegg og gebyr for campingvognplassar/vogneigar.

Retting av tiltak

Tiltak som er i strid med fylgjande, skal vera fjerna innan xx.xx.2012

Kommunen vil vedta dagbøter for tiltak som ikkje er retta etter vedtatt dato.

Dette gjeld fylgjande:

- Tiltak nærare enn 50 m til vatn eller vassdrag i uregulert område, eller tiltak i definert strandsone i vedtatt reguleringsplan .
- Tiltak som ligg nærare attraksjonar, hovudveggar og viktige naturområde enn 100 m eller er i strid med avstandssone i vedtatt reguleringsplan.
- Tiltak som er i strid med brannkrav